



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

2017- 2019

# **Sluttrapport prosjekt «Auka gjennomføring- fleire ut i lære»**



## **OM RAPPORTEN**

Ansvarleg avdeling/eining: Opplæringsavdelinga - fagopplæringskontoret  
Kontaktinformasjon/ e-post: Hege Osebakken, [hege.osebakken@hfk.no](mailto:hege.osebakken@hfk.no)  
Dato/ev. versjonsnr. 05.11.2019  
Framside foto: Chris Norm

# INNHOLD

<b>INNLEIING .....</b>	<b>5</b>
<b>KORT OM PROSJEKTET .....</b>	<b>6</b>
Prosjektmål .....	6
Prosjektorganisasjon .....	7
Organisering og oppfølging .....	8
Økonomi .....	9
Milepæler .....	9
<b>FUNN OG UNDERVEGS EVALUERING .....</b>	<b>10</b>
<b>STRUKTUR OG VERKTØY .....</b>	<b>13</b>
Formidlingsplan .....	13
Lærepllassrekneskap .....	13
Andre prosjektaktiviteter .....	15
<b>EVALUERING OPP MOT PROSJEKTMÅL OG FORMÅL .....</b>	<b>16</b>
Vurdering av verdiskaping .....	17
Resultat .....	17
<b>PROSJEKTSKULANE SI SLUTTEVALUERING .....</b>	<b>18</b>
Slåtthaug vidaregåande skule .....	18
Stord Vidaregåande skule .....	19
Sotra videregående skule .....	20
Voss gymnas .....	21
Voss vidaregåande skule .....	22
Årstad vidaregåande skule .....	23
<b>TILRÅDING .....</b>	<b>24</b>
<b>GRUNNGJEVING .....</b>	<b>24</b>
Mål om relevant opplæring og læreplass etter Vg2 .....	25
ei heilskapleg 4-årig opplæring for alle som vel yrkesfagleg utdanning. ....	25
<b>AVSLUTNING/ OPPSUMMERING .....</b>	<b>27</b>
<b>DOKUMENTASJON .....</b>	<b>28</b>



# Innleiing

Denne prosjektrapporten er sluttrapporten frå prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære»

Rapporten inneholder ein omtale av prosjektet, samt kort om kvifor prosjektet vart starta, kva prosjektet skal gjere og levere for organisasjonen.

Vidare inneholder rapporten omtale av vesentlege delar av prosjektet. Funn og evaluering inneholder refleksjonar og vurderingar opp mot kva som har vore målet med prosjektet.

Prosjekt «Auka gjennomføring- fleire ut i lære» har vore eit prosjekt i regi av opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune og har hatt som mål at fleire elevar skal kome ut i lære etter Vg2.

Prosjektet har bestått av prosjektleiing og fem tilsette yrkesfaglege koordinatorar (YFK) på 6 utvalde skular med yrkesfag.

Sjølv prosjektet starta opp i september 2016 då prosjektleiinga kom på plass. Styringsgruppe, prosjektplan, utlysing og tilsettjing av yrkesfaglege koordinatorar vart gjort våren 2017.

Dei fem yrkesfaglege koordinatorane var på plass frå 1. juni 2017. Prosjektet er ei politisk bestilling frå Fylkestinget og vart utvida med eit år. Prosjektet vert avslutta 31.12.2019

Formålet med prosjektet er at fleire elevar skal få prøve seg i lære etter Vg2.

# Kort om prosjektet

I fylkestinget 8. des. 2015 vart det framsett følgjande bestilling:

*«I Hordaland er det berre om lag ein tredjedel av elevane som byrjar på yrkesfag som fullfører med fagbrev. Nokon av desse fullfører med studiekompetanse, men ein stor del fell frå utan fagbrev og utan studiekompetanse. Fylkestinget set av 4,5 millionar i ein søkbar pott til skular med låg gjennomføringsgrad på yrkesfag. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge fram ei heilskapleg sak som synleggjer naudsynte tiltak og kriteria for tildeling av midlar».*

Fylkestinget vedtok i juni 2016 at Fylkesrådmannen i åra 2017 og 2018 kunne bruke 4,5 mill. til å styrke arbeidet rundt samarbeid skule/arbeidsliv med mål om å utvikle gode lokale samarbeidsarenaer og sikre føreseielege løp for den einskilde ungdom Hordaland satsar stort på yrkesfag.

I saka som vart lagt fram til politisk behandling, «Auka gjennomføring i yrkesfaga. Strategiar på kort og lang sikt, ei heilskapleg tilnærming», vart det laga ei skisse for korleis desse midlane skulle nyttast. I saka kom det fram at det er trøng for gode strategiar både på lang og kortare sikt med tiltak for å handtere dei ungdomane som ikkje får seg lærepllass.

Strategiar på kort sikt inneber at det skal gjennomførast ei forsøksordning med yrkesfaglege koordinatorar knytt til fem vidaregåande skular. Skulane vart plukka ut etter kor mange elevar som kom seg vidare i opplæringsløpet. Dette arbeidet har vore støtta og følgd tett frå skuleeigar si side gjennom å avsette ressursar til det. Det skulle utviklast felles arbeidsorganisering for dei fem yrkesfaglege koordinatorane.

Følgande skular var i saka plukka ut til å vere med i forsøksordninga:

- Slåtthaug vidaregåande skole
- Sotra vidaregåande skule
- Stord vidaregåande skule
- Voss vidaregåande skule
- Voss gymnas
- Årstad vidaregåande skole

Totalt har desse seks skulane i overkant av 800 elevar på Vg2. Det utgjer over 43% av tal elevar frå Vg2 som anten har søkt lærepllass eller påbygg. Strukturen på desse skulane er ganske lik i den forstand at dei har tilbod innan både TIP og Elektro, som er dei to utdanningsprogramma der ungdomane slit mest med å få seg lærepllass. Voss vgs, som er liten samanlikna med dei fire andre, vart plukka ut av di det er ein ny skule frå hausten 2016, og det er viktig at samarbeid skule/arbeidsliv vert sett høgt på dagsorden frå dag 1, det same gjeld for Voss gymnas som naturleg kom med i høve sine yrkesfaglege utdaningsprogram. Skulane på Voss har hatt delt koordinator.

Det vart tilsett ein yrkesfagleg koordinator ved kvar av prosjektskulane, og skuleeigar sette av 150% ressurs i prosjektperioden for å jobbe saman med skulane med desse utfordrande problemstillingane.

Prosjektet vart forlenga til å kunne arbeide ut 2019 etter vedtak i Fylkestinget desember 2017.

## PROSJEKTMÅL

Kvart år står det mange ungdommar igjen som ikkje har fått tilbod om lærepllass. Prosjektet sitt formål var at fleire elevar skal få prøve seg i lære etter Vg2.

Prosjektet skulle gjennom arbeidet til dei yrkesfaglege koordinatorane få på plass varige strukturar og arbeidsmåtar som fremjar auka formidling og kan overførast til andre skular i fylket.

Prosjektet skulle gjennom eit systematisk arbeid på prosjektskulane sikre ei heilskapleg fag- og yrkesopplæring i Hordaland. Det skulle utviklast eit tett samarbeid mellom skulane og arbeidslivet. Prosjektet skulle utvikle nye måtar å arbeide med ungdomane og deira veg til lærepllass. System og metodar som er utvikla, skal kunne implementerast på alle dei yrkesfaglege skulane etter prosjektperioden. System som er utvikla og implementert, skal kunne gje varig effekt slik at fleire elevar skal kunne få prøve seg i lære.

Yrkesfaglege koordinatorar skal auke gjennomføringa på yrkesfag.

## PROSJEKTORGANISASJON

### Styringsgruppe

Sissel Øverdal (leiar)  
Linda Farestveit  
Rolf Arve Haugstvedt, rektor Årstad vidaregåande skule  
Atle Rasmussen, LO  
Mads Kleven, LO  
Rita Jordal, LO  
Sølvi Olrich Sørebø, KS  
Morten Mjeldheim, NHO  
Inge Bauge, NHO

Hege Osebakken  
Ola Dahl Andersen

Styringsgruppa har vore sett saman av representantar frå prosjekteigar, dei involverte skulane og partane i arbeidslivet. Fag- og yrkesopplæringa er sett saman av eit trepartssamarbeid, der arbeidslivet er mottakar i enden av ei utdanningsline. Styringsgruppa har vore ein viktig aktør for prosjektet. Dette grunna at prosjektet hadde mål om å skape store endringar og nyutviklingar inni og utanfor organisasjonen. For prosjektet sitt arbeid og kva som skulle nåast av mål, er også eigarskapen inn mot aktørane i arbeidslivet viktige for styringsgruppa.

Styringsgruppa har hatt jamlege møte gjennom prosjektperioden. Møtefrekvensen har vore om lag to pr. år. Agenda og møtereferat ligg i sak 2017/1228.

### Prosjektgruppe

Hege Osebakken (leiar)  
Ola Dahl Andersen

Stord vidaregåande skule  
YFK- Hermod Kirkeli  
Avd. leder – Erik Henneli

Sotra vidaregåande skule  
YFK - Ingrid Beate Lægreid  
Ass. rektor Torstein Telle

Voss vidaregåande skule og Voss gymnas  
YFK - Ole Jonny Opkvitne  
Rektor Svein Inge Styve  
Rektor Unn Fauskanger

Slåtthaug vidaregåande skule  
YFK- Lise Knag  
Ass. Rektor – Stig Haldorsen

Årstad vidaregåande skule  
YFK- Torunn Ask  
Rektor Rolf Arve Haugstvedt

Frå august 2019 vart det endringar i prosjektgruppa.

Ingrid Beate Lægreid YFK Sotra slutta og vart erstatta med Silje Bergsvik i 50% av stillinga.

Ole Jonny Opkvitne YFK Voss vgs / Voss gymnas slutta og vart erstatta med Ivar Flatabø, Voss vgs. 40%, på Voss gymnas har Marianne Sværen 10% og Ole Jonny Opkvitne 20% som YFK.

Prosjektgruppa har vore leia av prosjektleiar og prosjektmedarbeidar frå prosjekteigar. Prosjektskulane har vore representert med leiar frå kvar av prosjektskulane, samt den yrkesfaglege koordinatoren som har vore den viktige brikka i arbeidet med leveransen som skulle utviklast i prosjektet. Prosjektgruppa har hatt møte annankvar månad gjennom åra i prosjektpersonen.

Prosjektet har rapportert til styringsgruppa og politisk leiing. Dei yrkesfaglege koordinatorane saman med leiarar frå skulane har utgjort prosjektgruppa. For å nå høgast mogleg mål med prosjektet har det vore eit mål å få koordinatorane forankra så høgt i organisasjonen på skulane som mogleg. Personalansvar har lege hjå rektor/ ass. rektor.

## ORGANISERING OG OPPFØLGING

Prosjekt «Auka gjennomføring – fleire ut i lære» har drive utviklingsarbeid og har hatt leveransar på person-, system- og organisasjonsnivå (eit PSO prosjekt). Leveransen etter slike prosjektet er eit samansett produkt. Samstundes er dette prosjektet også eit endrings- og utviklingsprosjekt, der formålet har vore å endre organisasjonane (skulane) sin arbeidsmåte og utvikle nye metodar til praktisk formidling.

I prosjektplanen vart det peika på at kommunikasjon og informasjon ville vere ein suksessfaktor, samstundes har vi sett dette som den største fallgruva. Samarbeidsproblem kan blant anna oppstå når ein - undervurderer betydinga av kompleksiteten i å få ukjende menneske til å arbeide godt saman.  
- dei faglege metodane i arbeidet ikkje er lagt til rette for brukarmedverknad og brukarengasjement.  
- behovet for individuelle metodar i arbeidet ikkje er ivaretakne.

Prosjektleiinga har gjennom prosjektpersonen hatt fokus på medverknad, eigarskap, samarbeid, dialog og ein god tone. Dette har prega møte, møtefrekvens og møtestruktur i prosjektpersonen.

### Arbeidsmøte med Yrkesfagleg koordinator( YFK)

Prosjektleiinga har vert tett på dei fem YFK med månadlege arbeidsmøte, intern opplæring og rådgjeving inn mot den enkelte og mot avtalte prosjektaktivitetar.

For å få gjort prosjektet kjent og sikre gjennomføringskraft var det også ei viktig rolle å bygge opp og sikre at koordinatoren var kompetent og trygg nok til å informere internt og eksternt i lokalmiljøet.

### Dialogmøte med prosjekt skulane

Prosjektleiinga har to gonger pr skuleår gjennomført oppfølgingssamtalar med dei enkelte prosjektskulane og YFK. Dette har gjort det enkelte prosjektgruppemedlem trygg. Erfaring med desse møta er at skulane har fått tettare og større eigarskap til oppgåvene. Vidare opplevde vi og at skulane fekk tillit til prosjektleiinga. Dårlig og usystematisk oppfølging ville ikkje ha vore godt nok i prosjektet.

### Prosjekt «Auka gjennomføring – fleire ut i lære» eit inter-organisatorisk prosjekt ( I-O)

Eit langvarig prosjekt med så mange aktørar kunne gje eit stort utbytte om vi fekk struktur og samarbeid til å fungere. Tid til relasjonsbygging i dei involverte organisasjonane har vore viktig i starte og i drifta av prosjektet. Prosjektet har involvert fleire hundre personar; rektorar, avdelingsleiarar, lærarar og andre tilsette

ved kvar av prosjektskulane. For at prosjektet skulle lykkast, har det vore viktig å skape eigarskap og forståing for arbeidet som skulle utviklast og på sikt implementerast. Prosjektet har gjeve moglegheit for verksemde, men det har til tider vore krevjande i forhold til koordinering og samhandling på tvers av dei organisatoriske grensene.



Figur 1. Prosjekt «Auka gjennomføring – fleire ut i lære» modellert som eit I-O prosjekt

## ØKONOMI

Prosjektet har hatt ei driftsramme på 4.5 millionar per år. Dette har dekka lønsmidlar, kostnader til reise m.m. Prosjektet har levert innafor dei økonomiske rammene, og detaljert rekneskap finn ein i økonomisystemet. Prosjektet har hatt prosjektnummer 62038.

## MILEPÆLAR

I prosjektet har det vore lagt opp til evalueringar og arbeidsprosessar med vekt på milepælar. Prosjektet vart forlenga ut 2019, noko MP-7 tok høgde for. I prosjektet vart det også lagt opp til ei rekke prosjektaktivitetar for å nå dei enkelte milepælane.

MP-1		PROSJEKTPLAN VERT VEDTEKEN
MP-2	1. juni 2017	Koordinatorar byrar
MP-3	Felles introduksjon og opplæring av YFK	Gjennomført etter plan
MP-4	Melding til Fylkestinget juni 2017	Delrapport 1
MP-5	Sak om forlenging av prosjektperioden, oktober 2017	Delrapport 2
MP-6	Evaluering til Fylkestinget oktober 2018	Delrapport 3

MP-7	Vurdering og mogleg vidareføring, Fylkestinget mars 2019	Delrapport 4
MP-7	Oktober/november 2019, mogleg seinare om vidareføring	Eventuelt - Sluttrapport

## Funn og undervegs evaluering

Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse (FIA) i Hordaland fylkeskommune hadde i oppdrag frå opplæringsavdelinga å gjere følgjeevaluering av prosjektet «Auke gjennomføring – fleire ut i lære» i perioden 2016-2019.

Den første rapporten i evalueringa gav ei skildring av situasjonen ved prosjektskulane ved inngangen til prosjektet. Hovudtema var korleis skulane held kontakt med arbeidslivet, bruken av faget yrkesfagleg fordjuping (YFF), førebuing av elevane mot å søke lærepllass og utfordringane med å få lærepllass. Bedriftene sine forventingar og erfaringar går også inn som del av evalueringa i denne rapporten. Meir om funn og heile rapporten finn de her: [AUD-rapport nr.06-18](#)

### Konklusjonar og tilrådingar frå FIA

- Informasjon om lærar sitt nettverk og kontakt med bedriftene bør i større grad formaliserast og gjerast tilgjengeleg for avdelinga/skulen. Faglærar bør framleis ha god kjennskap til og kontakt med bedriftene slik dette fungerer hos mange lærarar allereie.
- YFF er ein opplagt arena for kontakt med bedriftene. Det er eit rom for å rydde opp i prosessen med å skaffe til veie utplasseringsplassar, t.d. gjennom intensjonsavtalar mellom skule og bedrift, både av omsyn til tida dette krev hos lærarane, men også for å gjere det meir føreseileg.
- YFF gir elevane verdifull praksis og kan auke sjansane for å få lærepllass. Fag eller skular som i liten grad har elevane i utplassering, risikerer at mange elevar går glipp av verdifull erfaring.
- Gruppa som slit med å få lærepllass, er ifølge lærarane samansett. Ein treng meir kunnskap om dei som er utan status (ikkje registrert i andre tilbod, VG3, Påbygg etc.) ved utgangen av året, kva føresetnadnar dei har (karakterar, fråvær), for å sikre god oppfølging frå aktuelle aktørar internt og eksternt (OT-PPT, VO, NAV osv.).

Prosjektet har gjennom strukturerte prosessar gjennomført ei rekke aktivitetar og utvikla verktøy som har bidrige til eit tettare samarbeid mellom skule og arbeidsliv.

For å lukkast med auka gjennomføring er suksesskriteriet å få eleven inn på lærekontrakt. Nasjonale og lokale tal viser at lærlingar har ein fullføringsgrad med fag- eller sveinebrev på yrkesfag på 83% (kull 2012, kjelde Udir). Når elevane kjem seg i lære, fullfører fleire. Systematisk arbeid på skulane og auka samarbeid med arbeidslivet i regionane, utarbeiding av felles retningsliner og struktur på faget Yrkesfagleg fordjuping (YFF) må utarbeidast.

AUD-notat 01/19 frå FIA (arkivsak 2017/1228-28) med evaluering av prosjektet viser at det er ei endring i korleis lærarane ser på ansvaret dei har for at elevane skal kome seg vidare over til lære. Samstundes viser og rapporten at kartlegging av elevar i høve til interesse og motivasjon er eit lite brukt verkemiddel.

Fellesfaga er framleis i liten grad yrkesretta. Dei faga som i følgje lærarane er komne lengst, er norsk og engelsk.

Vidare viser rapporten at bruk av ressursteam er godt forankra, og mange av lærarane har kjennskap til dette, men få meiner det er nyttig å bruke ressursteam i høve til å få eleven vidare i lære. Samstundes er

verktøyet formidlingsplan lite kjend hjå lærarane, og det er også få som meiner det er nytig å ha ein slik plan.

Trass i mangefull forankring av sentrale planar for korleis elevane skal få lærepllass, kjenner lærarane eit ansvar for at elevane får lærepllass, også etter at dei har avslutta Vg2. Mange lærarar meiner yrkesfag-læraren si rolle må vere å ta meir ansvar for å førebu elevane og motivere til å søke lærepllass. Lærarane rapporterer om at dei har behov for meir bedriftskontakt generelt for å sikre at fleire får lærepllass. Rapporten viser også at hjå leiinga ved skulane er oppfatninga at det er meir fokus på å ta ansvar for elevane i den perioden dei er på skulen enn tidlegare. Det som vert trekt fram, er kompetanse hjå lærarane, kontaktflate mot næringslivet, kor viktig fagbrevet er i eit kompetanseperspektiv og det å gje eit best mogleg grunnlag på skulen for vegen vidare i utdanningsløpet.

Dette samsvarar med evalueringar som er levert frå rektorar på prosjektskulane.

*«Sammen med skolens lærere (YFF) har YFK vært en viktig brikke i å oppnå resultater i forhold til leveransemålene. YFK har vært viktig for vellykkede arrangement som yrkesdag, lærepllasskonferanser, næringslivsdag. Dette er arrangement som vi har satt i system og laget en felles strategi på. YFK er et supplement til lærerne som i utgangspunktet hadde et kontaktnett ut mot bedrifter. Arbeidet har blitt bedre strukturert og oversiktlig, et arbeid som gjør at skolen får oversikt. YFK er også en pådriver og et supplement ut mot elevene i forhold til både informasjon og motivasjon. Det har også blitt en mye mer enhetlig praksis på de ulike avdelingene. YFK har hjulpet oss til å holde fokus på arbeidet og passe på at tidsfristene blir holdt. Vi i skolen har store utfordringer med de minoritetsspråklige elevene, hvilke tiltak skal settes i verk for at vi skal lykkes med disse? YFK sitt aktive arbeid både mot elever og bedrifter bidrar i større grad til at vi får flere ut i lære.»*

### Kva kjenneteiknar dei elevane som står igjen?

Årsakene til kvifor elevane som står igjen ikkje har fått lærepllass, er ulike og samansette, og prosjektet har gjort funn og fått større kunnskap om kva som skal til for å bli kvalifisert til lærepllass.

Kvifor står vi att med elevar i fag der det i utgangspunktet er ledige lærepllassar? Desse elevane er gjennom systematisk arbeid identifisert, skuleleiar har oversikt over kven desse er. Ser vi vekk frå dimensjoneringa, er det minoritetsspråklege med lite norskunnskapar, helseutfordringar og andre med lite motivasjon for faget som ofte er problemet her. Prosjektet sine funn samsvarar med funn frå rapporten til Utdanningsdirektoratet [«Hvorfor får ikke alle søkere lærepllass?»](#).

I tillegg erfarer prosjektet at den digitale kompetansen til elevane ikkje er god nok. Digitale mapper og digital kommunikasjon, er eit område vi erfarer er viktig for å kome i kontakt med bedrifter når ein skal søke lærepllass. Elevane må kunne skanne, konvertere dokument, senda ein e-post med vedlegg og lasta opp filer i elektroniske søkeskjema. Dei treng òg hjelp til å ha eit ryddig system med ei eiga mappe kor ein samlar søknad, cv, attestar og kompetansebevis. Aktiviteter rundt dette må leggas inn i formidlingsplanen til skulen.

### Med YFK som lokomotiv arbeider skulen meir systematisk

*«Gjennom prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære» har vi som skole satt fokus på det 4-åriga utdanningsløpet, en helhetlig opplæring og overgangen fra skole til læretid. Intensjonen slik vi forstår den er at i 2+2 modellen skal skole og arbeidsliv samarbeide om elevenes opplæring over 4 år. Som skole har vi nå mål om at alle elevene som er kvalifisert og ønsker lærepllass skal få dette. For å få dette til er det nødvendig med et tett samarbeid med næringsliv/arbeidsliv, og vi har utarbeidet en formidlingsplan for de 2 første årene som setter samarbeid med bedrift på dagsorden og har med seg aktiviteter og tiltak som skal bidra til at elevene blir tilsettingksklar.»*

Prosjektskule

Skulane som har delteke i prosjektet og har hatt YKF tilsett, rapporterer om ei endring i måten dei ser oppdraget på. Dei byrar å sjå at dei har ansvaret for at eleven skal vere tilsettingsklar og med det kome seg vidare i lære. Skulane har fått eit endra fokus gjennom prosjektet og ser at dei må arbeide strukturert og samla, og den enkelte skulen vert såleis meir robust. Auka, tettare samarbeid med arbeids- og næringsliv er sett på agendaen, og dette gjev elevane ein meir føreseieleg overgang til lære.

Det har vore avgjerande å tidleg få identifisert elevar som vil slite med å få seg lærepllass. Kontaktlærar er ein sentral person for eleven. YFK, yrkesrådgjevar og sosialrådgjevar har i samarbeid med kontaktlærar vidareutvikla arbeidsmåtar, rutinar og gode tiltak for at elevar med utfordringar skal bli formidlingsklare til lærepllass. Det å lukkast med dette arbeidet er ein kritisk suksessfaktor for å nå målet om «auka gjennomføring – fleire ut i lære». Endrings- og utviklingsarbeid er kreyjande, endringar tek tid. Det har vore naudsynt å ha YFK i skulen til dette arbeidet.

*«I skulesamanheng har vi eit større ansvar for at dei (elevane) lukkast. Formidlingsplanen har eit meir tydeleg mål om suksess. Vi føler sterkt for at elevane får lærekontrakt og at dei lukkast. Dette er ei ny endring hos oss.»*

*Rektor, Voss vgs».*

Representant i styringsgruppa som representerer arbeidslivet tek opp at vedkomande «-- håpar at alt det arbeidet som har blitt gjort og systematisert i prosjektet, vert ein standard for korleis alle skular skal jobbe opp mot bedrifter og kommunar/fylkeskommune. Det bør utarbeidast retningslinjer for korleis alle skal jobbe med koordinering skule/bedrift, og alle som jobbar med dette fagfeltet, må forplikte seg til å etter leve retningslinjene. Vi har lært mykje gjennom å delta i styringsgruppa for prosjektet, men er dverre framleis undrande til at alt det gode som koordinatorane i prosjektet har fått til, ikkje allereie for lenge sidan er sett i system i heile vidaregåande skule».

Erfaring frå prosjektet er at skulane må ta eit større ansvar for den praktiske formidlinga. Oppdraget må vere tydeleg forankra internt på opplæringsavdelinga og i skulane.

Dei yrkesfaglege koordinatorane har gjennom prosjektet meldt tilbake at mykje av arbeidet rundt praktisk formidling og arbeidet med tenkinga rundt det 4-årige løpet har falle på dei. Det har til tider vore utfordrande å få med seg heile skulen, og dei slit med å vere i tillegg til og ikkje i staden for. I framtida må vi sikre at skulane i enda større grad ser rolla dei har i den heilskaplege 4-årige opplæringa. Arbeid og prosessar i det heilskaplege 4-årige løpet må etterspørjast og målast i kvalitetssystemet. Læreplassrekneskapen som er utvikla, er eit oppfølgingssystem for å fange opp dei som vil slite med å kome seg vidare i lære.

### **Søkjarmønsteret i prosjektskulane 2019**

Søkjartala for 2019 syner ein auke av elevar som søker overgang til Vg3 lære/Vg3 i skule, og det er også ein nedgang i elevar som søker seg til påbygg Vg3.

Søkjalar vår 2019					
	tal elevar	Lærepllass og Vg3 i skule	%	Påbygg Vg3	%
Slåtthaug vgs	175	126	72 %	30	17 %
Sotra vgs	152	116	76 %	29	19 %
Stord vgs	90	75	83 %	9	10 %
Voss gymnas	48	17	35 %	30	63 %

Voss vgs	77	58	75 %	9	12 %
Årstad vgs	221	140	63 %	47	21 %

## Struktur og verktøy

Prosjektet har ved å følgje leveransemåla arbeidd fram system og metodar som kan overførast og implementerast på alle skular med yrkesfaglege utdanningsprogram. I prosjektplanen er leveransemåla konkretisert.

- Systematisere og utvikle samarbeidet bedrift – skule
- Oppsøkande informasjonsverksemd mot elevar og bedrifter.
- Knyte kontakt med aktuelle bedrifter i regionen
- Arbeide for å få fleire lærebedrifter og lærepassar i regionen
- I samarbeid med skulen legge til rette for å få elevar utplassert i bedrifter
- Formidle elevar til lærepass
- Støtte elevar i overgangen frå skule til læretid.
- Deltaking i prosjektgruppe leia av fagopplæringskontoret - få på plass varige strukturar og arbeidsmåtar som kan overførast til andre skular i fylket.

Det er utvikla struktur og verktøy i høve til at skulen skal ta eit ansvar for at elevane skal kome seg vidare i lære gjennom ein formidlingsplan og systematisk IKO (identifisering, kartlegging og oppfølging) gjennom lærepassrekneskap.

### FORMIDLINGSPLAN

Formidlingsplanar som vert implementert i skulen sitt ordinære årshjul, viser arbeidet skulen gjer med praktisk formidling til lærepass og inngår i prosjektskulane sitt årshjul for 18/19. Formidlingsplanen systematiserer arbeidet med elevane i grupper og arbeidet rundt individet. Prosjektet erfarer, og evalueringsrapporten viser, at formidlingsplanen må implementerast i skulen sitt årshjul for at han skal ha nytteverdi. Skulen må eige oppgåvene som skal gjerast for at eleven skal kome seg vidare i lære. Sjå formidlingsplanar i kap. Dokumentasjon side 29-49.

### LÆREPASSREKNESKAP

Det er utvikla ein lærepassrekneskap (LPR) for å kunne følgje eleven på vegen frå Vg1 til lærepass og skulen si rolle i arbeidet med formidling til lærepass. Målet med LPR er tidleg identifisering, kartlegging og oppfølging (IKO) med mål om lærepass etter Vg2.

Status pr: 09.04.2019 kl. 09.13.47												Læreplass i YFF bedrift	
Skule	Tot. elever	Ønsker påbygg/anna	Ønsker vg3 programfag	Ønsker læreplass	Søkt i Vigo 1. pri	Sendt pers. søknad	Utløpt haust	Utløpt vår	Avtale om læreplass	Ekstra støtte			
Slåtthaug vidaregående skule	181	48	5	128	128	52	174	144	73	26		38	
Søtra vidaregående skule	159	34	16	109	109	31	128	127	64	6		27	
Stord vidaregående skule	103	1	13	62	71	25	68	74	50	15		36	
Voss gymnas	52	33	0	18	19	16	37	51	3	2		2	
Voss vidaregående skule	83	25	0	58	57	31	79	77	14	7		12	
Årstad vidaregående skole	227	29	11	178	146	75	185	158	31	25		20	
<b>SUM</b>	<b>805</b>	<b>170</b>	<b>45</b>	<b>553</b>	<b>530</b>	<b>230</b>	<b>671</b>	<b>631</b>	<b>235</b>	<b>81</b>		<b>135</b>	

Tal pr 09.04.19 viser at 235 av 553 som ønskjer læreplass, har fått avtale om læreplass.

LPR er eit godt verktøy! Det styrkjer kunnskapsgrunnlaget til skuleeigar og gjer det enkelt for rektor, avdelingsleiar og lærar å ha systematisk internkontroll over eigne elevar og deira veg mot læreplass. Lærar kan no følgje progresjonen til den enkelte elev i klassen og registrere om eleven har fått læreplass, registrere utplassering i YFF og registrere nye bedrifter til skulen sitt nettverk som skulen samarbeider med og har utplassering hjá. LPR gjev lærar, rektor og skuleeigar eit oppdatert bilet av bedriftsnettverket til skulen, status for den enkelte elev, klasse, utdanningsprogram og skule.

I LPR får ein enkelt opp oversikt over bedriftsnettverket til skulen, samarbeidsavtalar, karriere- og interessekartlegging for eleven, og dessutan oversikt over YFF og oppfølging i faget, oversikt over søknad til læreplass, kven som har fått seg læreplass og oversikt over dei som kan kome til å slite med å få læreplass. Optimal bruk av systemet i LPR i tillegg til skulens internkontroll i høve til fråvær og undervegsvurderingar gjer det mogleg å tidleg identifisere, kartlegge og lage oppfølgingsplan for dei som vil slite med å skaffe seg læreplass.

### Nasjonal interesse og profesjonalisere LPR

Læreplassrekneskapet som er utvikla gjennom prosjektet vekker nasjonal interesse. Mange fylker har gjennom presentasjonar og dialogmøter sett nærmere på systemet og dei ønskjer å ta dette i bruk.

Det kan derfor være behov for å profesjonalisere dette verktøyet. LPR aukar kunnskapsgrunnlaget til skuleeigar og synleggjer den heilskaplege fireårige opplæringa til skuleeigar. Verktøyet dekkjer eit gap der vi i dag ikkje har system som gjer oss dei opplysningane i no-tid og med ein slik presisjon.

Læreplassrekneskapet vart 24. oktober i år presentert for VIGO IKS med stor interesse for vidare utvikling og bruk og Fylkesdirektør opplæring i Hordaland har meldt sak til FFU om å profesjonalisere systemet.

Prosjektleiinga har vært i møte med aktørar innan datasystem og utvikling, mellom anna Ilder AS, som melder tilbake at å profesjonalisere læreplassrekneskapet er fullt mogleg. Det vil krevje eit forarbeid, der ein kjem med skisser til det tekniske, korleis bruker vil og skal oppleve systemet, korleis systemet skal nyttast og kva funksjonar systemet skal ha. Eit slikt forarbeid vil ha ei kostnadsramme på mellom 100 000,- og 200 000,- NOK.

Nylig har Utdanningsdirektoratet ved Utdanning.no kontakta prosjektleiinga og synt til statsbudsjettet for neste år, der det er løyvt 5 millionar til eit læreringsorg. Det er usikkert korleis dette oppdraget skal løysast og kven som skal gjere det, men Utdanning.no, som kjenner godt til dei løysningane Hordaland har utvikla gjennom prosjektet, meina desse prosjekta bør sjåast i samanheng.

## **ANDRE PROSJEKTAKTIVITETER**

Prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære» har gjennomført fleire tiltak for å styrke samarbeidet mellom skule og arbeidsliv. Eksempel på aktivitetar er

- Bedriftsnettverket til skulen er no systematisert og gjort tilgjengeleg på Utdanning.no
- Læreplass-kickoff og lærlingkonferanse
- Samarbeidsmøte med bedrifter på skulen
- Dialogmøte med opplæringskontor
- Arbeid for fleire læreplassar gjennom oppsökjande bedriftsbesøk.

### **Felles retningsliner og felles informasjon ut i frå skulane i høve YFF-faget**

Yrkesfagleg fordjuping (YFF) er det største programfaget og er i stor grad inngangsbilletten til ein læreplass. YFF krev mykje samarbeid med næringslivet for å gje elevane den optimale posisjonen for mogleg læreplass. Heile 60 - 70 % av elevane frå Vg2 på landsbasis får seg læreplass gjennom dette faget.

I Hordaland er det store ulikskapar med tanke på korleis skulane nyttar faget YFF. Prosjektet har utarbeidd felles retningsliner som synleggjer struktur og organisering av YFF. Fylkesdirektør opplæring vedtok i leiarmøte 26.08.19 at også skular utanfor prosjektet skal ta desse i bruk. Sjå YFF-retningsliner i kap. Dokumentasjon s. 53.

### **Struktur og praksis i YFF**

Organiseringa og bruken av faget YFF har variert, og varierer, frå skule til skule og frå lærar til lærar. Spesielt på Vg1 har vi sett at det er stor forskjell om elevar er i bedrift eller ikkje. Enkelte skular og lærarar har praktisert at eleven får vere i bedrift dersom dei skaffar seg ein plass sjølv. Då har lærar nokon elevar i bedrift og nokon elevar inne på skulen i dei timane. Ikkje enkelt å få til ei god oppfølging og optimal organisering då. Vidare har meldingar frå enkelte bransjar, spesielt innan elektrofaga, vore at elevar på Vg1 ikkje har det faglege med seg for å kunne vere i bedrift.

I prosjektet sette vi fokus på dette, og gjennom dialog og samtalar med bransjane og bedrifter fekk vi til utplassering også i fag der det ikkje tidlegare hadde vore tradisjon for å ha elevar i YFF på Vg1. Elevane synest det var kjekt og fekk auka motivasjon av å få vere ute i bedrift medan dei gjekk på Vg1. Det var lærerikt, gav dei viktig innsyn og kunnskap om bransjen, og nokre fekk til og med sommarjobb på bakgrunn av YFF-faget. Lærarane melde også tilbake at når elevane kom over på Vg2, så hadde dei fleire «knaggar» å henge undervisninga på etter å ha vore ute i bedrift på Vg1.

På Vg1 har YFF faget meir innhald av observasjonspraksis og jobbskygging, bli kjent med bransjen og fokus på HMS. Når elevane kjem ut i YFF-faget på Vg2, er det meir fokus på undervisning av fag, og bedriftene nyttar det som grunnlag for tilsetting av lærlingar.

Prosjektet fann det noko underleg at det som fint går å få til på eit programområde, var blitt ei «sanning» om noko som ikkje går innan eit anna programområde. Difor er me glade for å vise til at det er mogleg med praksis for Vg1 elektro, men det krev god dialog og tett oppfølging mellom skule og bedrifter. Sjå plan for praksis Vg1 og Vg2 i elektrofag kap. Dokumentasjon, s. 50.

### **YFF-dag**

Yrkesfagleg fordjuping (YFF) er det største programfaget og er i stor grad inngangsbilletten til ein læreplass. YFF krev mykje samarbeid med næringslivet for å gje elevane den optimale posisjonen for mogleg læreplass. Heile 60 - 70 % av elevane frå Vg2 på landsbasis får seg læreplass gjennom dette faget. I Hordaland er det store ulikskapar med tanke på korleis skulane nyttar faget YFF.

Prosjektet har arrangert to samlingar, på planleggingsdagar i februar 2018 og 2019, for skulane som var med i prosjektet, der tema var det «ideelle YFF» i 2018 og «dei gode døma - det ideelle YFF» i 2019.

Her hadde vi gode innlegg og diskusjonar som belyste og tok opp utfordringar og muligheter knytt til faget. Innlegg frå Utdanningsetaten i Oslo, deira system, Grethe Håland og Arne Roar Lier frå OsloMet, bedrifter og skular som kunne vise til gode erfaringar i faget og Vegard Jelstad frå Krøderen elektro, presentasjon av system og organisering av faget, var noko av det som stod på programmet desse to dagane. Leiinga på opplæringsavdelinga var til stades begge dagane og har i ettertid uttrykt mykje positivt om desse to samlingane. Sjå program for begge YFF-dagane i kap. Dokumentasjon, s.56 og 57.

### **Landsdekkjande erfaringssamling - fokus på det heilskaplige fireårige opplæringsløpet**

Prosjektet har teke initiativ til og gjennomført ei landsdekkande erfaringssamling der det var rundt 90 deltagarar frå alle fylke med unntak av to, Finnmark og Østfold.

Hordaland fylkeskommune har gjennom prosjektet «Auka gjennomføring- fleire ut i lære» og tilsetting av yrkesfaglege koordinatorar ved skular i prosjektet utvikla viktige verktøy og opparbeidd ein del erfaring, og dette vart delt med dei andre fylka i ei økt med erfarringsdeling. Nær alle fylkeskommunar har tilsvarende stillingar som YFK i Hordaland - stillingar som formidlingskoordinator, yrkesfagkoordinator, arbeidslivskoordinatorar osv. Felles for dei andre fylka er at dei manglar systemet rundt arbeidet med den praktiske formidlinga.

Erfaring frå konferansen og respons i høve til Hordaland sitt innlegg var overveldande. Alle fylka meinte dei hadde trong for slike system som prosjektet har utvikla, lærepllassrekneskap og formidlingsplanar. Spørsmålet om ei mogleg profesjonalisering av systemet lærepllassrekneskap kom og opp. I tillegg ser ein at ein slik møtearena og slike tema treffe alle fylka. Ein slik møtearena er noko fylka vil ta vidare, og eit anna fylke vil arrangere tilsvarende konferanse ved eit seinare høve. Prosjektet gjennomførte evaluering etter erfaringssamlinga, denne vil kunne nyttast til ei eventuell ny erfaringssamling. Sjå program for samlinga, i kap. Dokumentasjon s.58.

## **Evaluering opp mot prosjektmål og formål**

Prosjektet har gjennomført ei rekke aktivitetar og utvikla verktøy som har bidrige til eit tettare samarbeid mellom skule og arbeidsliv. Arbeidet med å etablere forståing for ei heilskapleg fag- og yrkesopplæring i Hordaland er på rett veg. Metodar og verktøy set elevar og lærlingar i sentrum og har nytteverdi for skuleeigar i høve til dannings- og utdanningsoppdraget. Det vert stilt forventingar til korleis skuleigar vil følgje opp og få implementert verktøy og system.

Ny overordna del for læreplanverket i fagfornyinga forsterkar og samsvarar med læring og erfaringar som har kome fram gjennom prosjektet. *Skule og lærebodrift er likeverdige læringsarenaer. Opplæringa skal gje utgangspunkt for deltaking på alle område innafor utdannings-, arbeids- og samfunnsliv. Arbeidslivet har nokre krav og rammer som er annleis enn for opplæring i skule. Eit godt samarbeid mellom skule og arbeidsliv aukar moglegheitene for at fleire elevar og lærlingar skal kunne ta aktiv del i eiga opplæring.*

Fylkeskommunen må støtte skulane i arbeidet med å implementere og gjennomføre aktivitetar i høve det praktiske formidlingsarbeidet mot lærepllass, det er behov for systematisk oppfølging frå skuleeigar for at skulane skal lukkast med dette arbeidet.

I oppfølginga av kvalitetsmeldinga skuleåret 2017/18 vart det vedtatt ei særleg oppfølging av tilboda som har låg overgang frå Vg2 til lære. Prosjektet «Auka Gjennomføring» har vore ein viktig reiskap i dette arbeidet. Skulane som har delteke i prosjektet, hadde gjennomføring med låg overgang til lære. Progresjon gjennom prosjektet og samla resultat frå skulane viser god framgang i høve gjennomføring med overgang til lære.

Gjennom arbeidet til dei fem yrkesfaglege koordinatorane (YFK) og eit systematisk arbeid på og med dei seks prosjektskulane har vi skapt ei heilskapleg fag- og yrkesopplæring, og det er og utvikla eit tettare samarbeid mellom skulane og arbeidslivet. Prosjektet har utvikla nye måtar skulane arbeider med ungdomane på for å sikre deira veg til lærepllass. Metodar og verktøy set elevar og lærlingar i sentrum og har nytteverdi for skuleeigar i høve til dannings- og utdanningsoppdraget.

## VURDERING AV VERDISKAPING

I prosjektplanen heiter det at prosjektet gjennom eit systematisk arbeid på prosjektskulane skal sikre ei heilskapleg fag- og yrkesopplæring i Hordaland. Det skulle utviklast eit tett samarbeid mellom skulane og arbeidslivet. Prosjektet skulle utvikle nye måtar å arbeide med ungdomane og deira veg til lærepllass. System og metodar skal kunne implementerast på alle dei yrkesfaglege skulane etter prosjektperioden. System og metodar som er utvikla og vert implementert, skal kunne gje varig effekt slik at fleire elevar skal kunne få prøve seg i lære. Etter at prosjektperioden no er over, har Hordaland fylkeskommune gjennom prosjektet «Auka gjennomføring - fleire ut i lære» utarbeidd ein tydeleg strategi for korleis ein arbeider med den enkelte ungdom som byrjar på ei fagutdanning.

System og metodar som er utvikla, kan overførast og implementerast på alle dei yrkesfaglege skulane etter prosjektperioden og vil kunne gje varig effekt, slik at fleire elevar vil kunne få seg lærepllass.

Hordaland fylkeskommune og Vestland 2020 kan ved å implementere dei system og metodar som er utvikla gjennom prosjektet, vise at ein har ein tydeleg strategi for korleis ein arbeider med den enkelte ungdom som byrjar på ei fagutdanning og sikrar med det ei heilskapleg 4-årig opplæring for alle som vel yrkesfagleg utdanning.

Skule og lærebodrift er likeverdige læringsarenaer. Opplæringa skal gje utgangspunkt for deltaking på alle område innafor utdannings-, arbeids- og samfunnsliv. Arbeidslivet har nokre krav og rammer som er annleis enn for opplæring i skule. Eit godt samarbeid mellom skule og arbeidsliv aukar moglegheitene for at fleire elevar og lærlingar skal kunne ta aktiv del i eiga opplæring. Det må vere eit mål at elevar som går ut frå Vg2, skal vere fagleg og sosialt kvalifiserte med den kompetansen arbeidslivet etterspør og vere tilsettingsklare for lærepllass og opplæring i bedrift.

## RESULTAT

Prosjektskulane er gjennom arbeidet med den praktiske formidlinga i tett dialog med eleven og har målt tal elevar med avtale om lærepllass. Alle skulane har positiv progresjon. Det viser seg at det nyttar å ha fokus og arbeide systematisk slik at eleven skal kunne vere tilsettingsklar for lærepllass. Det er gjennom prosjektet ikkje gjort noko i høve rådgjeving av elevane i grunnskulen. Elevens søkje mønster inn i vidaregåande opplæring, har ikkje vore teke høgde for i dette prosjektet.



\*Voss gymnas er del av ei samanslåing av fleire skular, og eigne tal finst ikkje for 2016 og 2017. Sjå Voss vgs

# Prosjektskulane si sluttevaluering

## SLÅTTHAUG VIDAREGAANDE SKULE

*Prosjektet har ført til at skulen har fått eit meir bevisst forhold til overgangen frå skule til lærepllass for elevane. Det gjeld både hjelp til formidling og arbeid med praksispllassar i YFF. Lærarane har i mykje større grad involvert seg i elevane sitt arbeid for å få lærepllass.*

*Utan ein YFK-tilsett hadde nok ikkje skulen kome så langt og med så god progresjon i formidlingstala. Dette gjeld både oppfølging av lærarar, klassar og elevar. For dei elevane som treng ekstra hjelp og støtte utover det som lærar kan gje dei, har YFK følgd opp enkeltelevar med stort hell. Dette har heilt klart gjort utslag på formidlingstala. Nokre avdelingar som har hatt eigne, gode system for organisering av YFF og gode formidlingstal, har det nok vore meir utfordrande for YFK å jobbe inn mot prosjektet.*

*Lærepllassrekneskapen har blitt eit godt verktøy for skulen. Det gjev oss ei oversikt over elevane og samarbeidande bedrifter som vi ikkje hadde tidlegare. Med denne oversikta har vi fått ei tettare oppfølging både når det gjeld YFF og lærepllassar. Det gjer at leiinga og lærarane ved skulen har betre oversikt over stoda i formidlingsarbeidet og kan følge opp på ein heilt annan måte enn tidlegare.*

*Arbeidet som er gjort med forenkling av fellesdokumenta som vi sender ut til bedrifter i forbindelse YFF, har og vore eit godt utført arbeid. At skulen sender ut lik og riktig informasjon til bedrifter er særskilt viktig. Skulen har også hatt eit godt utbytte av arrangementa, Yrkessagdagen og Læreplasskonferansen.*

*Her har tilbakemeldingane frå elevar og lærarar vore gode. Nokre avdelingar har hatt ei utvikling der fleire elevar ønskjer lærepllass enn tidlegare. Til dømes HO der mange elevar tradisjonelt har gått til 3På.*

*At skulen har fått ha ein dedikert person som utfordrar dei etablerte systema eller mangel på system, stiller spørsmål, deltar aktivt inn mot grupper og enkeltpersonar har gjort at skulen har utvikla seg i rett retning. Utan dette prosjektet og tilsett YFK hadde nok ikkje skulen vore der han er i dag.*

*Skulen håpar at dei nye rettleiingstenestene finn god plass til arbeidet som YFK har gjort og at arbeidet og funksjonen blir vidareført. Skulen vil framleis trenge denne kompetansen og støtta i det vidare arbeidet med formidling. Dessutan treng skulen ein kontrollfunksjon på dette arbeidet. Skulen ønskjer og at YFK-arbeidet kan bli vidareutvikla med tanke på eit betre samarbeid rundt praksisutplassering og YFF mellom skulane.*

Stig Haldorsen, ass. rektor, Slåtthaug vgs, sept 2019

# STORD VIDAREGÅANDE SKULE

## **Eleven har fått:**

- Alle elevar på Vg1, Vg2 og Vg3 får utplassering i bedrift hovudsakleg gjennom faget YFF
- Intervjutrenning
- Meir og betre yrkesrettleiing i samling klassevis og enkeltvis
- Mykje betre personleg oppfølging og støtte i prosessen med å skaffa seg lærepllass gjennom «formidlingsteam»
- Auka forståing for kva arbeidsgjevarar legg vekt på gjennom fokus på eigenskapar og forventningar

## **Skulen har fått:**

- Ein formidlingsplan som skildrar formidlingsaktivitetar og fokusområde gjennom skuleåret; som har som formål at alle kvalifiserte elevar som ønskjer det skal få lærepllass
- Mykje betre oversikt over situasjonen både samla og for den enkelte elev i dei ulike klassane gjennom «Lærepllassrekneskapet»
- Mykje betre kontakt med næringslivet gjennom samarbeidsavtalar, frukostmøte og årleg samling
- Fleire læreplassar, lærebedrifter og lærefag
- Mykje meir utplassering i YFF med den følgje at skulen har fått eit større nettverk av bedrifter
- Bedriftsnettverket til skulen er tilgjengeleg for alle lærarar i «Lærepllassrekneskapet»
- Me er blitt mykje betre på å synleggjera skulen sine resultat, slik at dette kan nyttast i marknadsføring mot framtidige elevar, føresette og andre aktørar
- Betre kvalitetssikring

## **Lærar har fått:**

- Hjelp til å finna utplasseringsplassar i YFF
- Støtte i arbeidet med å få elevane til å søkja lærepllass
- Betre hjelp til å følgja opp elevar med utfordringar

## **Korleis har prosjektet – det å ha ein YFK tilsett - påverka skulen og dei tilsette på ulike måtar?**

- Fokus på formidling og resultatutvikling
- Felles tankegang om at alle faga er viktige, ikkje berre programfaga. Norsk, engelsk, samfunnsfag og korleis me oppfører oss på ein arbeidsplass – sosial kompetanse.
- Meir samarbeid mellom fellesfaglærarar og yrkesfaglærarar. Jobbintervjutrenning, søknadsskriving er ein viktig del av vegen til lærepllass.
- YFK har hatt stor innverknad på at me har utplassering av ALLE elevane

## **Andre refleksjonar skulen ønskjer å få fram?**

Det er svært arbeidskrevjande å vere tett på næringslivet og heile tida skulle ha nok bedrifter me har samarbeidsavtalar med. Det krev at me rekrutterer nye bedrifter og følgjer opp desse kontaktane. Dette arbeidet har me kunne hatt stort fokus på ved å ha tilsett ein YFK.

Støtte, rettleiing og oppfølging av elevar som vil streve med å få seg lærepllass, er ei utfordring. Det er få elevar i ein klasse som krev stort fokus og arbeid, mens lærar må ha fokus på dei andre i klassen samtidig. Prosjektet har vart i for kort tid med tanke på å jobbe med dei som strevar med å få seg lærepllass. Der er me nettopp starta med eit arbeid som treng utviklast vidare.

Endringsprosessar har starta på skulen i denne perioden med YFK og må vidareutviklast. Det er ein stor jobb og treng ressursar. Den som jobbar med desse oppgåvene må ha kjennskap til, og kunnskap om, skulen.

## **Konklusjon:**

Me har fått endra tankegong omkring at yrkesfagutdanninga er 4 (4 ½)-årig. YFK har bidratt til at fleire elevar får fullført utdanninga si gjennom lærepllass i bedrift, jf. resultatutviklinga vår. Av dei viktigaste suksesskriteria er det tette samarbeidet me no har med næringslivet, knytting av kontaktar med nye bedrifter/opplæringskontor og oppfølging av eksisterande bedrifter og samarbeidspartnarar. Når YFK-ressursen ved skulen no blir tatt vekk, er me urolege for at det arbeidet som er lagt ned, og den positive utviklinga me har sett, kan bli sett kraftig tilbake.

## SOTRA VIDEREGÅENDE SKULE

*Kva endringar har prosjektet ført med seg?*

*Det har ført med seg meir fokus på 4 årig løp. Skulen har i prosjektperioden fått eit meir forpliktande formidlingsansvar. Spørsmålet er korleis vi kan føre dette vidare.*

*Korleis har prosjektet - det å ha ein YFK tilsett - påverka skulen og dei tilsette på ulike måtar?*

*Det har påverka skulen i positiv forstand at vi har hatt eit kontinuerlig fokus på YFF-faget og praksisplassar. Det har gitt skulen gode resultat i form av fleire ut i lære, i ein nedgangsperiode.*

*Refleksjonar i høve system og verktøy som prosjektet har utarbeidd*

*Læreplasrekneskapet har ført til oversikt i henhold til praksisplassar, har eleven søkt Vigo, når har eleven fått læreplass og kvar. Tidligare oversikt kor mange som har fått avtale om læreplass.*

*Treng ikkje vente på fagopplæring si oversikt som oftast er sein, grunna oversikt først når lærekontrakt er signert.*

*LPR har vist kor utfordringane ligg hos dei som det er utfordringar med å få ut i lære.*

*Om det har vore suksess - kva ser skulen på som dei viktigaste suksesskriteria i prosjektet?*

*Ein person som har dette som hovudarbeidsområde.*

*Andre refleksjonar skulen ønskjer å få fram?*

*Kva når prosjektet er over? Det blei ikkje sett opp nokre tydelige mål i prosjektet om korleis skulane skal/ bør organisere dette arbeidet når prosjektperioden er over.*

*Saknar nokre tankar/forslag rundt dette tema. Det er her nøkkelen til vidare suksess ligg.*

*Skjønar at dette blir lagt til skulane sitt ansvar, men her vil også skilnadene visa seg. Dersom formidlingsansvaret er lagt på skulane, så burde det også blitt vist til kva som ligg i desse utfordringane.*

*Torstein Telle, rektor, Sotra vgs, september 2019*

## VOSS GYMNAS

- **Kva endringar har prosjektet ført med seg?**

Voss gymnas har hatt YFK i 30% stilling sidan 010817. Prosjektet starta for vår del samstundes som vi starta opp som ny skule, samanslått av fem tidlegare vidaregåande skular. Dette var ei tid med mykje som skulle på plass samstundes, og vi klarte ikkje å få innpassa YFK så godt som vi ville ha ynskt og makta dersom stillinga hadde kome på ei noko rolegare tid.

Etter kvart som tida gjekk, fekk vi til ei betre tilpassing, og fekk implementert YFK inn som ein naturleg del av vår skoleorganisasjon. Endringane knytt til YFK sitt arbeid har gått hand i hand med endringane vi som ny skule har sett i verk.

- **Korleis har prosjektet - det å ha ein YFK tilsett - påverka skulen og dei tilsette på ulike måtar?**

Etter at vi hadde tatt inn over oss at vi hadde fått ein YFK og kva arbeidsoppgåver han skulle ha, fekk vi samarbeidet til å fungere stadig betre. I starten følte nok ein del av det talmaterialet som vart etterspurd gjennom prosjektet, som nok eit felt som måtte endrast og som tok mykje tid både for skuleleiinga og lærarane, men gjennom arbeidet har dette utvikla seg positivt, og den støtta YFK har kunne gjeve i arbeidet med YFF og samarbeidsavtaler med eksterne samarbeidspartar har vore sett stor pris på.

- **Refleksjonar i høve system og verktøy som prosjektet har utarbeidd**

Systematikken som prosjektet har ført med seg, har virka positivt. Mykje er oppgåver som har vore løyst godt tidlegare òg, men som no finst i arkiv og system i større grad enn tidlegare, då dette meir var ei oppgåve for dei einskilde lærarane. Verktøy er vel i hovudsak læreplassrekneskapen som gjennom systematisk registrering gjev dokumenterte opplysningar som kan nyttast i overgangen mellom skule og lære. Samarbeidsavtalane mellom skule og bedrift er òg med på å gje skulen som organisasjon eigarskapen til desse, tidlegare har det nok meir vore ein avtale der lærar og bedrift har samarbeidd og hatt eigarskapen til dette. Samarbeidet mellom skulen og bedriftene har også vore positivt når det gjeld å få elevane ut i lære, jo tettare ein har samarbeidd medan elevane er elevar, dess smidigare går overgangen til å bli lærling, I alle høve i dei bedriften har avtale med.

- **Om det har vore suksess - kva ser skulen på som dei viktigaste suksesskriteria i prosjektet?**

At ein har fått ekstra ressursar tilført skulen gjennom YFK sitt arbeid har vore eit stort pluss. Vi har hatt ein særstak dyktig YFK med stor arbeidskapasitet, pågangsmot og stort kontaktnett. Alt dette har kome prosjektet til gode.

- **Andre refleksjonar skulen ønskjer å få fram?**

At YFK-ordninga no ser ut til å ikkje bli vidareført er etter vårt syn uheldig.

Det er forståeleg at ein ikkje kan ha ein person pr skule, men tre til fire skular på ein YFK ville vore eit opplegg som ville gjeve skulane god støtte og hjelpe i arbeidet med å få elevar inn i lære. Dette er truleg viktig for alle skular, men er i alle høve ikkje mindre viktig i distrikta.

Der både treng og må vi ha elevar ut i yrkesfagleg fordjuping i bedrifter som korkje ligg i gangavstand eller kort køyreavstand, og dette gjev særskilte utfordringar knytt til oppfølging og kontakt skule bedrift.

Unn Fauskanger, rektor Voss gymnas, sept. 2019

## VOSS VIDAREGÅANDE SKULE

### **Kva endringar har prosjektet ført med seg?**

Hovudendringa for vår skule med dette prosjektet er at formidlingsprosenten av elevar til lærekontrakt på 3 år har gått frå ca 40% til nesten 90%! Dette må seiast å vera ein kjempesuksess for den enkelte elev, for skulen, for det lokale og regionale næringslivet og ikkje minst reint samfunnsøkonomisk. For vår skule har prosjektet også vore eit paradigmeskifte i korleis me tenkjer skulen sitt ansvar og skulen si målsetjing. Gjennom prosjektet sitt systemarbeid med oppretting av ein gjennomgåande formidlingsplan som går frå Vg1 til eleven er ferdig i Vg2; og på tvers i alle fag, både fellesfag og programfag; har skulen og alle lærarane fått ei felles forplikting og felles ansvar for målsetjinga om at alle elevar skal vera formidlingsbare. Gjennom arbeidet med og gjennomføring av skulen sin formidlingsplan, har me også fått etablert nye gode tiltak og arrangement som både støttar opp om arbeidet med formidling og som ikkje minst har ført oss inn i eit tettare samarbeid med lokalt / regionalt næringsliv og opplæringskontor. I denne samanheng nemner eg Yrkesfagdagen for Vg1-elevane og lærlingkonferansen for Vg2-elevane våre. Ei av våre interne målsetjingar ved VVS, er at skulen vår skal vera den viktigaste møteplassen mellom næringsliv og utdanning i regionen. Gjennom deltaking i dette prosjektet har me i stor grad nærma oss denne målsetjinga. Me har pr. 01.08.19 nærmare 70 samarbeidsavtalar med bedrifter i regionen, og me har fått etablert to faste tema-møte kvart år med næringslivet.

### **Korleis har prosjektet - det å ha ein YFK tilsett - påverka skulen og dei tilsette på ulike måtar?**

Som svaret i førre spørsmål konkluderer med; prosjektet har påverka VVS på ein svært positiv måte. VVS ynskjer å vera ein kvalitetsskule, me ynskjer å vera Indre Hordaland sitt 'akademi' for kloke hender og skarpe hjernar. Skal me vera det, er ein av dei viktigaste kvalitetsindikatorane formidlingstala til skulen. Prosjektet har i svært stor grad hjelpt oss i denne hårete målsetjinga. Katalysatoren i dette arbeidet har utan tvil vore tilsetjinga av ein yrkesfagleg koordinator.

### **Refleksjonar i høve system og verktøy som prosjektet har utarbeidd**

Formidlingsplanen som er aktiv frå fyrste skuledag på Vg1, er eit viktig dokument som er med å implementera den kollektive forpliktinga i arbeidet med det 4-årige løpet. Formidlingsplanen peikar både på ansvar på individnivå for den enkelte lærar / leiar, men også på ansvar på gruppennivå. For VVS som har FYR som eit av sine mål i skulen sin utviklingsplan, er deler av formidlingsplanen direkte tiltak inn i fleire fag; som t.d. norsk. Skulen sin formidlingsplan er også eit verktøy som hjelper oss med tidleg identifisering av elevar som kan koma til å ha utfordringar i formidlingsfasen.

Lærepllassrekneskapet (LPR) er eit genialt verktøy som både involverer og gjev god og oppdatert oversikt for heile skulen. Overgangen mellom skule og bedrift er analysert til å vera ein kritisk fase for elevane. LPR er med å synleggjera statusen i denne fasen, og skulen (dvs. rektor, avdelingsleiar, rådgjevar, YFF-lærar, kontaktlærar) har heile tida oversikt over kvar og kva slags tiltak som er nødvendige.

Med LPR får skulen også katalogisert og synleggjort alle verksemndene som skulen har YFF-samarbeid med inneverande skuleår, og også historisk kan ein få bedriftsoversikt.

### **Om det har vore suksess - kva ser skulen på som dei viktigaste suksesskriteria i prosjektet?**

Prosjektet har ved VVS utan tvil vore ein utruleg suksess!

I vurderinga av kva som har vore suksesskriteria ved VVS, er det ein hovudfaktor som er krystallklar: Stillinga som yrkesfagleg koordinator ved skulen i 70% stilling!

### **Andre refleksjonar skulen ønskjer å få fram?**

Underteikna har vore med på svært mange ulike prosjekt gjennom mi leiartid i HFK.

Men eg har aldri vore med i eit prosjekt som har gjeve så mykje samla positivt resultat for dei me arbeider med og for; elevane.

Svein Inge Styve, rektor Voss vidaregåande skule, september 2019

## ÅRSTAD VIDAREGÅANDE SKULE

Gjennom prosjektet «auka gjennomføring - fleire ut i lære» har skulen fått eit sterkare medvit om det fireårige utdanningsløpet, og vi har tatt eit større ansvar for overgangen frå skule til lærepllass. Samarbeidet og dialogen mellom skule og arbeidsliv har vorte betre, og vi har systematisert og synleggjort bedriftsnettverket til skulen. Arbeidet har gitt oss meir kunnskap om kva for ein kompetanse elevane må ha for å bli kvalifisert for lærepllass, og det har vorte tydeleg for oss at den sosiale kompetansen til elevane og grunnleggande ferdigheter er svært viktig for å komma vidare til lære. Yrkesfaglig koordinator har saman med leiinga komme fram til konkrete aktivitetar og tiltak skulen skal gjennomføra for å gjera elevane klar for formidling til opplæring i bedrift og støtte dei i overgangen til lære. Dette har vi samla i ein lokal formidlingsplan som er eit av verktøya prosjektet har utvikla.

Ein del av aktivitetane i formidlingsplan har vore utført av lærarar før. Det nye er at leiinga har utvikla ein felles strategi for at fleire skal få lærepllass. Ved å setja ord på kva som skal blir gjort, når aktiviteten/tiltaka skal gjennomførast og lagt dette inn i skulens årsplan. Vi har jobba både på systemnivå og individnivå. Målet er at skulen skal ha eit godt system for at elevane blir kvalifiserte for lærepllass, men vi ser òg at det er behov for individuelle tiltak for elevar som av ulike årsaker ikkje har fått lærepllass i løpet av det året dei går på Vg2. Med bakgrunn i leveransemåla i prosjektet utvikla skulen i 2017 eit verktøy som vi kalla for «lærepllassrekneskapet». Det gir skulen ei unik samla oversikt, men det er også eit prosessverktøy som følgjer elevane gjennom skuleåret. Verktøyet gir mellom anna informasjon om kva for elevar som har mål om lærepllass, kor dei har hatt praksisplass og når dei har fått lærepllass. Her får vi også informasjon om elevar som vil trenga ekstra støtte i overgangen til lære. Dette har vore viktig med tanke på tidleg innsats, og vi har utarbeidd rutinar der avdelingsleiar og yrkesfaglig koordinator tar dette opp i kontaktlærarmøte for å avklara kva som er utfordringane og utarbeider ein individuell tiltaksplan for eleven. I 2018 vart lærepllassrekneskapet vidareutvikla og tatt inn som ein del av metodikken i prosjektet.

Utviklingsarbeid er krevjande og yrkesfaglig koordinator som har vore ein del av utvida leiargruppe har hatt ei sentral rolle i utvikling og gjennomføring av formidlingsplan og lærepllassrekneskap. Denne støtta har vore heilt nødvendig for skulen i prosjektperioden.

Innsatsen skulen har gjort i prosjektperioden, har gitt positive resultat og fleire elevar får lærepllass. Frå 2017 til 2019 har vi hatt ein auke på ca. 24 prosent. Vi vil fortsetja arbeidet med å ha fokus på ei heilskapleg 4-årig fag- og yrkesopplæring. Formidlingsplan og lærepllassrekneskap vil vera nyttige verktøy for skulen.

At leiinga ved skulen er opptatt av å få fleire ut i lære og viser retning i arbeidet med å kvalifisera elevane til lærepllass er viktig, og det må gjerast tydeleg kven som har ansvar for kva. Etter prosjektperioden vil vi framleis ha behov for støtte i arbeidet med å implementera metodikken på skulen og reknar med god støtte frå rettleiingstenesta i det vidare arbeidet. Det er naudsynt å ta vare på kunnskapen og dei gode relasjonane som er bygd opp gjennom prosjektåra.

Rolf Arve Haugstvedt, rektor Årstad videregående skole, september 2019

# Tilråding

Målet har vore at etter prosjektperioden er over, skal Hordaland fylkeskommune ha utarbeidd ein tydeleg strategi for korleis ein arbeider med den enkelte ungdom som byrjar på ei fagutdanning: ei heilsakleg 4-årig opplæring for alle som vel yrkesfagleg utdanning.

Hordaland fusjonerer 31.12.19 med Sogn og Fjordane og vert Vestland fylkeskommune. System og verktøy er utvikla gjennom prosjektet. Organiseringa av sektoren vert annleis. Det vert organisert rettleiingstenester seks stader i det nye fylket, tenestene skal vere tett på skular, elevar, lærlingar og lærebedrifter.

Prosjektet si tilråding er at ein finn att stillingar, som YFK, i den nye rettleiingstenesta og at desse stillingane får ansvar for å følgje opp prosjektskulane og sette i verk metodar og verktøy ved dei øvrige vidaregåande skulane i områda til rettleiingstenesta i heile Vestland fylke.

Det vil også vere behov for systematisk oppfølging frå skuleeigar si side om fylkeskommunen skal lukkast med dette arbeidet. Noko av suksessen i prosjektet har vore at ein har ein har hatt tett dialog og felles arbeidsorganisering i desse stillingane. YFK har vore ein ressurs i tillegg til, ikkje i staden for. Skulane har måtte sjå oppdraget sitt på ein annan måte gjennom endringsarbeidet. Verktøy og system er utvikla - implementering og drift krev oppfølging, ressurs og tid.

## Grunngjeving

Prosjektet har arbeidd med endringsprosessar som omfattar det personlege, systematiske og organisatoriske planet. Desse prosessane tek tid å få fast implementert og få overført til dei andre skulane. Målet er at ein skal skape same kvalitet i heile fylket på sikt. YFK har vore ein ressurs i tillegg til dei som alt er i skulen for å vere pådrivarar og kunne drive endringsprosessane. Dersom det skal vere mogleg å få til dei ønska endringane, krev det at nokon har jobben med å halde tak i arbeidet med å implementere struktur og verktøy, både innan eigen administrasjon og ute i samarbeid med skulane. Prosjektet går ut 2019, men suksessen i tiltaket er verd å ta vidare i alt arbeid med å sikre eit opplæringsløp der fleire fullfører.

Skuleeigar meiner at dei vidaregåande skulane i ei heilsakleg opplæring skal ha ei aktiv rolle i den praktiske formidlingsprosessen frå Vg2 til lærepass. Skulane kan gjennom dette bidra til å auke tal lærebedrifter og tal elevar som får seg lærepass. Ved optimal bruk av skulane sitt handlingsrom innan programfaga og i yrkesfagleg fordjuping (YFF) oppnår skulen tettare og meir forpliktande samarbeid med arbeidslivet, og eleven får læring, utvikling og danning inn mot ønska lærefag.

Skulen får formidlingsansvar til lærefag som har opplæring i bedrift, og med det ansvaret for eleven sin overgang frå Vg2 i skule til opplæring i bedrift. Systematisk oppfølging gjennom IKO-arbeidet gjennom lærepassverktøyet, bruk av formidlingsplan for prosess, metode, rutine og ansvarsfordeling som tek i vare det systemretta arbeidet med mål om tidleg formidling til lærer.

Formidlingsplan med aktivitetar både på system- og individnivå må verte ein del av skulens årshjul. Felles retningslinjer og informasjon frå skulane i høve til YFF sikrar samarbeidet med arbeidslivet og avklarar roller og ansvar mellom dei ulike aktørane. Dei vidaregåande skulane skal førebu elevar både fagleg og sosialt for opplæring i bedrift. Samarbeid med arbeidslivet er nøkkelen for at søkerar til lærepass kan få lærekontrakt eller opplæringskontrakt.

Dei vidaregåande skulane får med dette ansvar for elevane fram til dei har skrive under kontrakt med lærebedrift. Dersom eleven ikkje er kvalifisert for overgang til opplæring i bedrift, skal avgjevarskulen sette i verk individuelt tilpassa tilbod, slik at eleven kan fullføre opplæringa han har starta på.

Alternativ sluttoplæring i skule (Vg3) vert sett i gang etter behov. Når kvalifiserte søkerar som ønskjer sluttoplæring i skule står igjen utan lærepllass, må skuleeigar ta initiativ til å opprette eit tilbod om alternativ Vg3 i samarbeid med ein eller fleire av dei vidaregåande skulane.

Overgangen mellom skule og bedrift er kritisk for ein del elevar. Det er viktig for elevens sjølvstende og meistringskjensle med eit tett og godt samarbeid mellom skulane, lærebedriftene, opplæringskontor og fylkeskommunen. Områda skulen ligg i, må forplikte seg saman med partane og ha ulike møtearenaer og samarbeidsforum. Skuleeigar ser stor verdi og nytte av følgjande tiltak som er utvikla gjennom prosjektet.

- Samarbeidsmøte - nettverk mellom næringslivet og skulen
- Formaliserte samarbeidsavtalar i YFF, registrert på Utdanning.no
- Lærepllasskonferansar
- YFF-faget vert nytta med mål om lærepllass
- Nytte handlingsrommet til skulen
- Læreplassrekneskapen - IKO- (identifisering, kartlegging og oppfølging) verktøyet for systematisk oppfølging av dei som vil slite med å kunne få seg lærepllass.

## MÅL OM RELEVANT OPPLÆRING OG LÆREPLASS ETTER VG2

Skuleeigar ønskjer ei heilskapleg fag- og yrkesopplæring tett på brukarane. Gjennom den nye organiseringa i Vestland er det planlagt rettleiingsteneste. Det er grunn til å tenkje at desse tenestene vil ha arbeidsfelt og vere dei som kan støtte skular i eit område med systemarbeidet, støtte lærlingar og lærebedrifter i overgangen og undervegs i læreløpet der det trengst.

Berre i Hordaland formidlar vi 1800 rettselevar kvart år, og vi står att med 150 elevar som vil trenge ekstra merksemd. Systematisk IKO-arbeid i skulen, gjennomføring av aktivitetar og fokus på at eleven skal vere tilsettingsklar etter Vg2 vil på sikt gje resultat. Her kan slike stillingar gjere ein forskjell.

Meirverdi vidare vil vere å få utvikla og teke i bruk elektronisk system for å vere tett på i høve til internkontroll for alle lærlingar og lærebedrifter. Opplæring i bedrift krev intern opplæringsplan og halvtårssamtale med kvar lærling.


I tillegg til system- og endringsarbeid er det trøng for å arbeide målretta med følgjande oppgåver for å kunne ha ei føreseieleg fag- og yrkesopplæring i fylket:

- Rekruttere/vedlikehalde bedrifter i lærlingordninga
- Følge opp LPR, bruk av YFF, skulen si involvering i fireårsløpet, formalisere avtaler med bedrifter osv.
- Støtte i overgangen til lære og alternative Vg3-tilbod for dei elvane som ikkje har fått seg lærepllass
- Møte igjen både ungdom og bedrift fyrste halvår i læretida
- Vere støtte og ressurs for bedrifter undervegs i læretida
- Følge opp at manglar i høve til teori hjå lærlingane vert retta opp

## EI HEILSKAPLEG 4-ÅRIG OPPLÆRING FOR ALLE SOM VEL YRKESFAGLEG UTDANNING.

Når elevar har kome seg over i lære, fullfører fleire. Derfor er det større behov for oppfølging av eleven medan han er i skulen. Prosjektet har utvikla system og metodar. Desse bør implementerast og takast i bruk på alle skulane med yrkesfaglege utdanningsprogram. Dei yrkesfaglege koordinatorane har vore bindeleddet og pådrivarane i skulane med dette arbeidet gjennom prosjektet.

Med denne modellen der YFK-rolla er støttefunksjon, set vi eleven/lærlingen i sentrum, og med det får ei teneste som har meirverdi både for individ og system, og med det oppnår vi ei heilskapleg fag- og yrkesopplæring.



### Skulen Vg1

- Identifisering, kartlegging av eleven, interesser og mål for utdanningsprogrammet
- Relevant arbeids- og observasjonspraksis og opplæringsarena i faget YFF
- **YFK - Støtte for skulen i systemarbeidet**

### Skulen Vg2

- Identifisering, kartlegging av eleven, interesser og mål for utdanningsprogrammet
- Relevant arbeidspraksis og opplæringsarena i faget YFF
- Målretta (IKO) oppfølging med mål om læreplass etter Vg2
- **YFK - Støtte for skule og lærebedrift i overgangen frå elev til lærling, system- og til tider individarbeid. YFK - bindeleddet mellom skule, forvaltning og opplæringsbedrift, organisator av felles formidlingsaktivitetar.**

### Bedrift Vg3

- **YFK - rettleie, følgje opp og støtte lærlingar/lærekandidatar og lærebedrifter**

# Avslutning/ oppsummering

Prosjektet «Auka gjennomføring fleire ut i lære» har vore ei politisk bestilling der Fylkestinget erkjente problemet med låg gjennomføringsgrad på yrkesfaga i Hordaland og i 2016 vedtok å nytte 4,5 millionar for å styrke arbeidet med å få til samarbeidet mellom skule og arbeidsliv. Ei politisk sak som vart lagd fram, «auka gjennomføring i yrkesfaga – strategiar på kort og lang sikt» skisserte forslag for korleis midlane kan nyttast. På kort sikt var ein av strategiane å starte ei forsøksordning med yrkesfaglege koordinatorar på fem vidaregåande skular. Dette er handtert gjennom prosjektet «Auka gjennomføring - fleire ut i lære». Prosjektet har jamvel vore politisk handsama undervegs i prosjektpérioden. Prosjektet har saksnummer 2017/1228 i sak og arkivsystemet.

Skuleeigar må støtte skulane og sikre at skulane i enda større grad ser rolla dei har i den heilskaplege 4-årige opplæringa. System og metodar utvikla gjennom prosjektet «Auka gjennomføring - fleire ut i lære» er kvalitativt systemarbeid. System og metodar vekkjer nasjonal interesse. Verktøya er utvikla, no startar arbeidet med å få desse implementert og operative.

Dersom skuleeigar vil oppnå ønska effekt av prosjektet, at ein aukar gjennomføringa og at fleire skal få prøve seg i lære og ønska effekt skal verte varig ved at metodar og verktøy skal implementerast, må skulane støttast. Det må setjast av ressursar for å få system og verktøy vidareutvikla og innført på skulane.

Fylkestinget i Hordaland fatta 01.10.2019 følgjande vedtak i sak PS 75/2019 Auka gjennomføring og fleire ut i lære – tilrådingar inn mot Vestland 2020

1. Skulane får ansvar for elevane i overgangen frå skule til bedrift, samt inngå intensjonsavtalar med bedrifter.
2. Skuleeigar må støtte skulane i arbeidet med å implementere og gjennomføre aktivitetar i høve til formidlingsarbeidet mot læreplass etter Vg2, t.d. gjennom å gjere kjent og vidareutvikle metodar og verkty som er utvikla gjennom prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære»
3. Kunnskapsgrunnlaget som er kome fram gjennom prosjektet, bør kunne legge føringar for kvalitet i opplæringa inn mot Vestland 2020

Bergen. 29.10.2019

Hege Osebakken ( prosjektleiar )

Ola Dahl Andersen ( prosjektmedarbeidar)

# Dokumentasjon

- 1.1. Stord vgs sin formidlingsplan
- 1.2. Sotra vidaregående skule sin lokale formidlingsplan
- 2.1. Formidlingsplan implementert i skulens årsjul Stord vgs
- 2.2. Årsplan formidling til lære plass Årstad vgs
- 3.1. Praksis vg1 elektro
- 3.2. Modell for praksis i elektro fag vg1 og vg2
- 4. Felles retningsliner yrkesfagleg fordjuping (yff)
- 5. Program yff dag 1.2.2018
- 6. Program yff dag 2.2.2019
- 7. Program landsdekkande erfaringssamling 26.-27.03.2019

## 1.1 STORD VGS SIN FORMIDLINGSPLAN

Gruppenivå				
Oppgåve	Tiltak	Resultatmål	Tidspunkt	Ansvarleg
<b>Eleven sin kjennskap til arbeidslivet sine krav og forventingar</b>	- Informasjon ved skulestart - Integrert del av undervisninga - Utplassering i bedrift i faget YFF - Besøk hos - og av bedrifter	- Elevane skal frå skulestart bli medvitne om at dei startar på ei 4-årig utdanning (4 ½ år) - Elevane skal få god forståing for arbeidslivet sine krav og forventingar	Heile skuleåret	Avdelingsleiar Kontaktlærar YFF-lærar Rådgjevar YFK
<b>Styrke skulen sitt nettverk og sikre forpliktande avtalar for kontakt med bedrifter</b>	a) Årleg samarbeidsmøte med bedriftene me samarbeider med b) Etablere lokale formidlingsnettverk c) Få på plass intensjonsavtalar som blir registrert og synliggjort på utdanning.no	- Få eit tett og godt samarbeid mellom skulen og næringslivet i regionen - Bedrifter forpliktar seg til å ta imot elevar i utplassering og som lærlingar	a) April b) Startar hausten 2018 c) Startar juni 2018	Rektor Avdelingsleiar YFK Kontaktlærar YFF-lærar Rådgjevar
<b>Bidra i arbeidet med å skaffe fleire lærepassar og informere om lærlingordninga</b>	a) Opplæring i lærlingordninga for alle lærarar på yrkesfag. Innlegg på avd.møte og nettbasert kurs på ca 30 min. b) Rekruttere nye lærebedrifter i samband med utplassering i YFF, bedriftsbesøk og ved oppsøkjande verksemnd	Tilbod om lærepass til alle som ønskjer det og er kvalifisert	a) September  b) Særleg i samband med utplassering i YFF	Info/opplæring: YFK  Rekruttering: YFK Kontaktlærar YFF-lærar
<b>Bruk av faget YFF som arena for å få lærepass</b>	- Utplassering i bedrift i faget YFF	Alle elevane får erfaring med korleis det er å vere i jobb	Plan for utplassering vert utarbeida på kvar seksjon	Kontaktlærar YFF-lærar YFK
<b>Arrangere eller oppsøke arenaer der elevar blir sett i kontakt med potensielle lærebedrifter. Eks utdanningsmesser, yrkesfagdagar, karrieredagar og bedriftsbesøk, anten i bedrift eller på skulen</b>	a) Utdannings-messa på Vikahaugane b) «Open dag» på skulen c) Lærepass-kickoff d) Informasjon frå tilsette i bedrifter/ opplæringskontor direkte til klassane e) Bedriftsbesøk	- Elevane skal få innsikt i-, og kunnskap om, kva alternativ dei kan velje mellom for den vidare utdanninga si - Elevane skal få kunnskap om kva krav og forventingar eit læreløp inneber	a) og b) Januar c) Bruke ein fagdag i jan/feb til ein felles aktivitetsdag for Vg2 og Vg3 d) og e) Fortlöpande	Rektor a) Ass. rektor og rådgjevar b) Avdelingsleiar og kontaktlærar c) Avdelingsleiar, kontaktlærarar og YFK d) og e) Alle

Gruppenivå				
Oppgåve	Tiltak	Resultatmål	Tidspunkt	Ansvarleg
		- Elevane skal ved sjølvsyn sjå, lære og erfare korleis det er å vere i arbeid.		
<b>Oversikt og informasjon om søknadsfristar og søknadsprosess opp mot opplæringskontor og lærebedrifter</b>	a) Karriere-rettleiing med kvar klasse i auditoriet b) Informasjon i klassane	Få i gong søkerprosessen hos eleven og få dei medvitne om kva dei kan velje, søknadsfristar m.m.	a) Siste halvdel av oktober b) Fortlopende, særskilt fokus i januar og februar	Rådgjevar YFK Kontaktlærar
<b>Klar for jobb – gje eleven kompetanse til å søkje jobb og presentere seg som jobbsøkjar med mål om lærepass</b>	- Karriere-rettleiing - Elevane må lage seg ein jobbsøknad og ein CV - Øving i å presentere seg sjølv, oppsøkje bedrifter, marknadsføre si eiga arbeidskraft for ein arbeidsgjevar - Intervjutrenin	- Elevane får øving i å gjere ting som er utanfor komfortsona - Elevane får øving i det å vere aktiv søker etter lærepass - Elevane blir klar over at det å søkje lærepass er annleis, og krev meir eigeninnsats, enn å søkje skulepass i Vigo	Fortlopende. Særskilt fokus i alle klassar i desember, januar og februar	Kontaktlærar Norsklærar Rådgjevar YFK

Individnivå				
Oppgåve	Tiltak	Resultatmål	Tidspunkt	Ansvarleg
<b>Interessekartlegging</b>	- Startsamtale - Elevsamtaalar	Eleven skal få opplæring og praksis i det faget som er yrkesmålet til eleven. Elevsamtaalar vil fange opp om målet til ein elev endrar seg.	Startsamtale rett etter skulestart. Elevsamtaalar gjennom skuleåret	Kontaktlærar
<b>Karriererettleiing</b>	Yrkesrådgjeving	Eleven skal få rettleiing til å kunne velje sin utdanningsveg	Fortløpande. Eleven bestiller time hos rådgjevar	Rådgjevar Elev
<b>Oversikt over kven som til ei kvar tid har fått seg lærepass</b>	Utarbeide og følgje opp lærepass-rekneskapet som blir innført frå skuleåret 2018/19	- God og oppdatert oversikt over kven som til ei kvar tid har fått lærepass og kven/kor mange som ikkje har fått. - God oversikt og oppfølging av utplasseringar i YFF	Heile skuleåret	Avdelingsleiar YFK Kontaktlærar YFF-lærar
<b>Kva gjer skulen for dei som ikkje har fått avtale om lærepass innan 1. mai</b>	Gje individuell rettleiing og oppfølging til elevar som ikkje har fått lærepass innan 1. mai	Sikre at me har gjort alt me kan for at eleven skal få lærepass	Mai og juni	Kontaktlærar YFF-lærar Rådgjevar YFK
<b>Identifisere dei elevene som vil ha utfordringar knytt til det å få seg lærepass – tidleg innsats</b>	Melde frå til sosialrådgjevar eller karriererådgjevar når ein har identifisert elev som ein vurderer vil ha utfordringar knytt til det å få seg lærepass	Tidleg identifisering kan bidra til at rett hjelpe blir gitt til rett tid	Når eleven er identifisert	Alle lærarane som har eleven - Klasselærarråd - Teammøte
<b>Bruk av ressursteam med tanke på formidling</b>	Elevar som blir identifisert vil ha utfordringar med å få seg lærepass, kan meldast til det lokale ressursteamet på Vabakkjen.	Elevar med utfordringar må få hjelpe gjennom skuleåret, ikkje kun i mai og juni	Når eleven er identifisert	Rådgjevar YFK

## 1.2 SOTRA VIDAREGÅANDE SKULE SIN LOKALE FORMIDLINGSPLAN

**Skulens rolle og ansvar for å sikre gode overgangar inn i vidaregåande skule, mellom Vg1 og Vg2, mellom Vg2 og opplæring i bedrift.**

Revidert 1. juli 2018

### Suksess faktor:

1. Kartlegging og rettleiing
2. Systematisk samarbeid med næringslivet
3. YFF i godkjente lærebodrift (som har intensjon om å ta inn lærling)
4. Lærepass konferansen (både på vg1 og Vg2)

Gruppenivå - oppgåver som gjeld alle elever og kan gjennomførast for alle samstundes, i større grupper og på klassenivå.

Oppgåve	Tiltak: kva blir gjort i dag eller kva planar har vi	Resultatmål: kva resultat ein ynskjer og kva ein vil oppnå	Tidspunkt: haust, vår, veke eller dato	Ansvarleg: kven har ansvaret, både på overordna plan og for gjennoføring
Elevens kjennskap til arbeidslivets krav og forventning	Generell informasjon både på Vg1 og Vg2, også til føresette.	Kunnskap om krav i arbeidslivet og kva som er forventa	Før praksis i YFF, Vg1 og Vg2	Leiinga YFF/Programfag lærer
	YFF i bedrift	Kunnskap om arbeidslivet, faget i praksis og får teste ut yrket	Etter timeplan/årshjul	Leiinga, YFF lærer
	Besøk av/til lærebodrift/oppl. kontor	Betre rusta til å «stå i det» og betre oppleveling av praksisen	Før YFF, Vg1 og Vg2	YFF/Programfag lærer
	Arbeidsoppgåve på skulen (FYR)	Kjennskap til bredda i faga og kva/kvar fag/bedrift en ynskjer YFF	Før YFF, Vg1 og Vg2	YFF/Programfag lærer, samt fellesfag lærer
	Lærepasskonferansen Di framtid – ditt val Vg1 og Vg2	Startskot for vidare val og moglegheiter	Januar	Leiinga/YFK YFF/Programfag lærer
Klar for jobb – gje eleven kompetanse til å søke jobb og presentere seg som jobbsøker med mål om lærepass	Karriereplan og interessekartlegging	Elev får kunnskap om korleis han kan nå karrieremåla sine.	Startsamtale på Vg1 Startsamtale på Vg2 Halvårssamtale I etterkant av YFF periodar I etterkant av praktiske/teoretiske arbeidsoppgåver på skule	Leiinga/Kontaktlærar YFF/Programfaglærar
	Lage god jobbsøknad og CV (FYR)	Elev har klart oppdatert søkerad og cv	Starte med søkeradsskriving før jul.	Norsk lærar/YFF lærar
	Oppfølging av søkerader	Aktiv søker, følgje opp søkeradsprosessene,	Fokus i januar, februar og mars,	Kontaktlærar/YFF lærar Rådgjevar

		bli meir bevist på at eigeninnsats vil lønne seg for å få lærepass.	oppfølging i mai og juni	
	Intervjutrenning	Elev er meir forbered til intervju. Elev meir bevisst på kva arbeidslivet er ute etter og kan presentere seg sjølv på ein god måte	Fokus i februar og mars, oppfølging i april, mai og juni.	YFF/Programfaglærar
	Lærepasskonferansen Di framtid – ditt val på Vg1 og Vg2	Info frå bedrifter og OK Søknadsfristar	Januar	Leiinga/YFK YFF/Programfaglærar
	Dele ut og gå igjennom heftet «Vegen til lærepass»	Tips, råd og rettleiing til elev	Desember/januar	Leiinga/YFK YFF/Programfaglærar Norsk lærar (FYR)
Styrke skulens nettverk og sikre forpliktande avtaler for kontakt med bedrifter	Kontakt med bedrifter og få samarbeidsavtaler ang YFF	Ryddig og strukturert organisering Fordeling av YFF periodar Bedrifter forpliktar seg til å ta imot elevar i YFF	I starten av skuleåret avklare YFF bedrifter/plasser.	Leiinga, YFF lærar
	Invitere YFF bedrifter inn på skulen for dialog	Samarbeidsmøte med bedrifter, felles og fordelt på programfag	I starten av skuleåret lage plan for besøk av/til bedrifter for elever Samarbeidsmøte i februar	Leiinga, YFF/Programfaglærar
	Tett samarbeid med Opplæringskontor (OK)	God info om bredda i programområda, oversikt over godkjente lærebedrifter	I starten av skuleåret lage plan for besøk av/til OK	Leiinga, YFF/Programfaglærar
	Hospitere – lærer i bedrift og bedrift i skule	Få betre innsikt i kva som skjer ute i bedrift og kva som skjer på skule	Etter avtale	Leiinga, YFF/Programfaglærar
Bruk av faget YFF som arena for å få lærepass	Organisere timeplan for YFF	Samarbeid med andre skular og bedrifter for å avklare periodar for YFF	April, mai, juni for kommande skuleår	Leiinga
	YFF i bedrift skal ikkje erstattast med aktivitetar i skulebygget	Målet er at alle elevar skal ha YFF i bedrift, både på Vg1 og Vg2	Gjennom heile skuleåret	Leiinga, YFF lærar
	Bruk YFF bedrifter som er godkjent lærebedrift eller gje dei info om å bli det.	Bedrift har/får kjennskap til lærling ordninga	Gjennom heile skuleåret	YFF/Programfaglærar

	Bruk YFF bedrifter som har intensjon om å ta inn lærlingar	Bedrift/elev får teste ut før tilbod om lærepllass	I planlegging av YFF	YFF lærar
	Gje elev moglegheit til å teste ut fleire bedrift/fag	Gir elev innsikt i bredde av fag ein kan søkje lærepllass Gje elev betre trygghet i val av rette lærefag	Gjennom heile skuleåret, men spesielt mot slutten av skuleåret for Vg2	YFF lærar
	Gje elev moglegheit til ekstra praksis i bedrift	Motivasjon for elevar som har utfordringar på skulen Møglegheit for lærepllass	Gjennom heile skuleåret	Leiinga, YFF/Programfag lærar Ressursteam
	Dersom det ikkje er moglegheit for lærepllass i YFF bedrift, prøve å omplassere til anna bedrift i neste praksisperiode.	Elev får moglegheit til å «vise seg» til ei anna bedrift, og bedrift får moglegheit til å «teste» ut elev	Gjennom heile skuleåret, spesielt fokus i siste YFF periode	Leiinga YFF lærar
	Få attest/referansar frå YFF bedrifta (relevant vurdering)	Dersom det ikkje er moglegheit for lærepllass, skal elev få referansar/attest frå YFF bedrift Vurderinga må gje informasjon som elev kan bruke i vidare sökeprosess	På slutten av YFF periode i bedrift og mot slutten av skuleåret	Leiinga YFF/Programfag lærar
Arrangere eller oppsøke arenaer der elever blir sett i kontakt med potensielle lærebedrifter. Eks utdanningsmesser, yrkesfag – og karrieredagar og bedriftsbesøk enten i bedrift eller på skulen.	Yrkessessa – Sotra Rotary (Yrkeshabrynten)	Elev får innsikt og kunnskap om kva alternativ dei har	Januar/Februar Oktober	Leiinga YFF/Programfag lærar (FYR)
	Lærepllass konferansen «Di framtid – ditt val»	Fokus på yrkesfag, söknadsprosesser, söknadsfristar, krav og forventingar til arbeidslivet	Januar	Leiinga, YFK YFF/Programfaglærar
	Felles konferansar for Vg2 elevar pr. programfag i samarbeid med andre skular (eks. Vg2 Kjøretøy for Sotra, Årstad og Slåtthaug vgs)	Elev møter bransjen, får innsikt i bredda av val, krav og forventningar	Januar	Leiinga, YFK YFF/Programfaglærar
	Besøk til/av bedrifter	Få innsikt i faga og korleis ein arbeidsplass fungerer. Tips om læreplassar og söknadsprosess	Etter avtale med bedrift Gjerne før YFF og 1. mars	Leiinga YFF/Programfaglærar

	Besøk til/av opplæringskontor	Få innsikt i bredda i valet, tips om lærebodrifter og søknadsprosess	Etter avtale med opplæringskontor Gjerne før YFF og 1. mars	Leiinga YFF/Programfaglærar
	Planlegge neste skuleår	Få oversikt over YFF bedrifter, div messer. Sette dato for yrkesfagdagar og anna opplegg for yrkesfagelevar	April, mai, juni	Leiinga
Oversikt og informasjon om ulike søknadsfristar og søknadsprosess opp mot opplæringskontor og sjølvstendige lærebodrifter.	Info frå rådgivar i kvar klasse	Søke i Vigo. Bevisstgjøre elev ang forskjell på å söke Vigo og direkte til bedrift	Spesielt fokus i januar, februar. Oppfølging i mars, april, mai og juni.	Rådgivar/YFK
	Legge ut info på Itslearning og skolen sin facebook/nettside.	Kan være ulike fristar hos bedrifter Motivere elev for å starte sökeprosessen tidlig og følger den opp	I god tid i forkant av söknadsfristar	Leiinga, YFK YFF/Programfaglærar Kontaktlærar
	Informasjon frå bedrifter og opplæringsontor	Fokus på söknadsprosess, kven söknaden skal sendast til, oppfølging av söknad osv Ein kan söke om læreplass heile året, ikkje nødvendigvis ein frist, så lenge ei bedrift ynskjer lærling	I god tid i forkant av söknadsfristar	Leiinga, YFK YFF/Programfaglærar
	Læreplass konferansen «Di framtid – ditt val»	Generell informasjon som fristar, sökeprosess En «kickoff» for söknad om læreplass	Januar	Leiinga, YFK YFF/Programfaglærer
	Informasjon til foreldre/Foreldremøte	Viktig at foreldre er orienter om söknadsfristar og sökeprosesser slik at dei kan følgje opp eleven	I start av skuleåret, samt januar/februar	Leiinga, YFK Kontaktlærar YFF/Programfaglærar
	Info/kurs til lærar på yrkesfag om krav for å bli lærebodrift for å kunne rekruttere lærebodrifter	Lærar kan informere bedrift som ynskjer info om korleis bli lærebodrift	Ved opp start av skuleåret	Leiinga, YFK YFF/Programfaglærar
Bidra i arbeidet med å skaffe fleire læreplasser og informere om lærlingordninga.	Bedriftsbesök når elever er i YFF	Høyre om bedifta skal ta inn lærlingar og om dei treng informasjon rundt lærlingordninga	Gjennom skuleåret	Leiinga YFF lærar

## Individnivå – oppgåver som krev at ein er i dialog og arbeider tett med eleven

<b>Oppgåve</b>	<b>Tiltak:</b> kva blir gjort i dag eller kva planar har vi	<b>Resultatmål:</b> kva ein ynskjer å oppnå og kva resultat ein ynskjer	<b>Tidspunkt:</b> haust, vår, veke eller dato	<b>Ansvarleg:</b> kven har ansvaret, både på overordnet plan og for gjennoføring
Interessekartlegging	Startsamtale på Vg1, eige spørsmål som interesse/mål Kartlegging	Kartlegging om eleven er «på rett veg» Bevisstgjering Eleven sitt val og ikkje foreldra	Skulestart	Leiinga Kontaktlærer YFF lærer
	Karriereplan	Vier kva tankar/planar elev har vidare. Dersom elev er usikker/ikkje har plan, er dette også viktig informasjon	Starten av skuleåret, oppfølging gjennom skuleåret	Leiinga Kontaktlærer YFF/Programfaglære
	Startsamtale på Vg2, kartlegging	Kartlegging om eleven er «på rett veg» Bevisstgjering Eleven sitt val og ikkje foreldra	Skulestart	Leiinga Kontaktlærar YFF lærar
	Halvårssamtale	Undervegs vurdering	Desember/Januar	Leiinga Kontakt/YFF lærar
	Elevens ynskje om YFF bedrift/fag	Elev får prøve ut fag som han har interesse for	Før/under YFF i bedrift	YFF/Programfag lærar
Karriererettleiling	Synliggjøre bredde i faget	Elev meir beivist om dei forskjellige moglegheitene og bredda for val og gjer dei i stand til å ta sjølvstendige val basert på opplevelingar og eigne erfaringar	Fokus på i starten av skuleåret, før val av YFF bedrift/fag	YFF/Programfaglæra
	Arbeidsoppgåver som gir innsikt i forskjellige yrker		Gjennom heile skuleåret	YFF/Programfaglæra Fellesfaglærar (FYR)
	Erfaringar gjennom programfag/bransjelære/YFF		Gjennom heile skuleåret	YFF/Programfaglæra
	Dialog med rådgjevar		Gjennom heile skuleåret	Rådgjevar
Identifisere dei elevene som vil ha utfordringar knytt til det å få seg	Konkret tema på basisgruppemøte – formidling til læreplass	Kartlegge elev og sette inn tidlig tiltak ved behov	Gjennom heile skuleåret	Leiinga Kontaktlærar Alle lærarane
	Fråvær, klare rutinar	Elev meir bevisst konsekvensar Avklare kva som ligg «bak» fråværet på eit tidlig tidspunkt	I start av skuleåret avklare reglar og konsekvensar Følgjast opp gjennom heile skuleåret	Leiinga Kontaktlærar

lærepass – tidleg innsats.	Ressursteam	Terskel for å ta opp utfordringar knytt til det å få lærepass må ned Forhindre «dropout» Diskutere, få råd og veiledning i forhold til tiltak	Gjennom heile skuleåret	Leiinga Kontakt/YFF lærar Rådgjevar Ressursteam
	Tilbakemelding frå YFF i bedrift	Kartlegging av elev, mogleheter for lærepass	Etter første periode i YFF hos bedrift	YFF lærar
	Elev sendt tilbake til skule frå bedrift i YFF faget	YFF på skule skal ikkje være ei «kvilepute» for elev Kartlegge utfordring Finne ny YFF bedrift	Gjennom heile skuleåret	Leiinga YFF/Programfaglærar
	Tett oppfølging frå YFF lærer og kontaktlærer	Avklare utfordringar og ta tak i desse	Gjennom heile skuleåret. Halvårsvurdering	YFF/Kontaktlærar
	Gode og klare rutinar rundt stryk/IV får første og andre termin og/eller frå tidlegare skuleår	Elev bevisst på konsekvens av stryk/IV i fag og moglegheit til å rette opp stryk/IV etter første termin eller frå tidlegare skuleår	Ved skulestart - kartlegging og informasjon om konsekvensar Undervegs – klare tilbakemeldingar til elev Ved skuleslutt – kartlegging og informasjon om mogleheter for å ta opp igjen eksamen/fagsommarskule osv.	Leiinga Kontaktlærar Rådgjevar
